



Bilde av damelaget frå i fjor haust.

Damelaget til Rosendal avslutta onsdag vårsesongen med ein flott siger over naboane frå Odda. Heile 7 uskedelingar spelte i kampen, og dei bidrog sterkt til det flotte resultatet.

Gørill S. Samland og Ingebjørg Haugland laga 2 mål kvar i kampen der pauseresultatet var 2 - 0. Heimelaget var klart best, og det hadde ikkje vore noko å sei på om det hadde vorte fleire mål. Fleire ganger traff spelarane aluminiumen med skota sine! Det vert rapportert at alle spelarane gjorde ein flott innsats, og det såg ut som dei trivdest på den regnvåte banen.

I følge Grenda vart uskedelingane Kari Bråtun og Gørill S. Eik vurdert som dei to som gjorde aller best innsats i denne kampen. Dei 5 andre uskedelingane som spelte var Katrine Y. Røssland, Anne Marthe Zimmer, Anita Simensen, Ingebjørg Haugland og Reidun Musland. Sistnemnde har gjort eit gledeleg comeback.

Damelaget ligg no på ein fin 4.plass i serien.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen